

# Prop. 117 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Endringar i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet (Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 6. juni 2014,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### **1 Innleiing**

---

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av godtgjering for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2014.

### **2 Samandrag og tilrådingar**

---

Forslaget til regulering er basert på resultatet av lønsoppgjøret mellom staten og LO Stat, YS Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i lønsoppgjøret for statstilsette blir godtgjering til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 2,3 prosent frå 1. juli 2014.

Meirutgiftene for 2014 er utrekna til 10 719 410 kroner.

### **3 Bakgrunn**

---

I mange år er økonomiske ytingar til soldatar regulert med grunnlag i lønsoppgjøret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har, i tråd med synet til Stortinget, dei seinare åra lagt til grunn

reguleringa i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten.

Lønsoppgjøret for tilsette i staten i lønsramme 02, lønstrinn 19 gav eit kronetillegg på A-tabellen, som utgjer ei regulering på 2,3 prosent.

### **4 Vurderingar**

---

Departementet meiner det er naturleg og rimeleg at det òg i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Med dette grunnlaget vil utskrivne vernepliktige få ei regulering på 2,3 prosent med verknad frå 1. juli 2014.

Visekorporalar og korporalar hadde likt tillegg frå visekorporalstillegget på nytt vart innført i 2010 og fram til reguleringa i 2012. I samsvar med vanleg praksis i Forsvaret, ønskjer Forsvarsdepartementet å differensiere tillegget mellom visekorporal og korporal. I årets regulering har Forsvarsdepartementet, på same måte som i fjor, nytta midlane sett av til visekorporalar og korporalar, til berre å auke korporalstillegget. Visekorporalstillegget er difor også i år uendra i reguleringa.

## 5 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2014:

Tenestetillegg frå kr 163,-	til kr 167,- per dag
Tillegg for visekorporal/tilsvarande, uendra kr 20,40	
Tillegg for korporal frå kr 21,-	til kr 22,40 per dag
Kompensasjonstillegg frå kr 457,-	til kr 468,- per dag
Ektefelletillegg frå kr 4 395,-	til kr 4 500,- per måned <sup>1</sup>
Barnetillegg, første barn, frå kr 4 998,-	til kr 5 100,- per måned <sup>1</sup>
Barnetillegg for barn, utanom det første, frå kr 2 058,-	til kr 2 100,- per måned <sup>1</sup>
Dimisjonsgodtgjering 12 månaders teneste frå kr 31 500,-	til kr 32 120,- <sup>1</sup>
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 61,-	til kr 62,- per dag
Operativt tillegg (§13-oppdrag) frå kr 1 259,-	til kr 1 288,- per dag
Tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke frå kr 881,-	til kr 901,- per dag

<sup>1</sup> Summen er avrunda av omsyn til dagsatsar på heil tiøre.

## 6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 10 719 410 kroner for 2014 etter følgjande fordeling:

Auke i tenestetillegg og tillegg for korporal/visekorporal/tilsvarande	kr 5 748 561,-
Auke i kompensasjonstillegg	kr 582 728,-
Auke i forsørgjartillegg	kr 195 688,-
Auke i dimisjonsgodtgjering	kr 3 756 901,-
Auke i utdanningsbonus, dagsats	kr 150 355,-
Auke i tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke og operativt tillegg (§13-oppdrag)	kr 285 177,-

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet  
(Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet (Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet (Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap») i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet (Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

#### I

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	16 000
		Frå kr 268 621 000 til kr 268 637 000	
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	479 000
		frå kr 3 700 848 000 til kr 3 701 327 000	

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Forsvarsdepartementet  
(Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	354 000
		frå kr 2 028 449 000 til kr 2 028 803 000	
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	5 383 000
		frå kr 5 409 697 000 til kr 5 415 080 000	
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	1 591 000
		frå kr 3 457 612 000 til kr 3 459 203 000	
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	1 301 000
		frå kr 4 502 662 000 til kr 4 503 963 000	
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	1 158 000
		frå kr 1 242 681 000 til kr 1 243 839 000	
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	50 000
		frå kr 2 119 199 000 til kr 2 119 249 000	
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	381 000
		frå kr 1 047 921 000 til kr 1 048 302 000	
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med .....	6 000
		frå kr 278 057 000 til kr 278 063 000	